

ÅRSMELDING Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation 2019

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi.

Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande grunnskular, i 2019 har aktiviteten vore konsentrert om områda Chihame og Nkhata Bay South. I tillegg er vi involvert i bygging av ein vidaregåande skule, barnehage og med bygging av brønner. Arbeidet skjer i tett samarbeid/avtale med lokale og regionale skulemyndigheiter og landsbystyre. Alt arbeid blir utført av lokal arbeidskraft, og vi legg vekt på opplæring av desse.

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på 151 864 kroner i aktivitetsresultat. Hovudinntektene kom frå ulike gåver, mellom anna 199 050 kroner frå Lions Club. Av andre gåver er nesten 56 000 kroner øyremerka brønner.

Underskotet for 2019 vert dekkja opp av eigenkapitalen/annan føremålskapital. Eigenkapitalen er på 1 474 333 kroner, i dette ligg også grunnkapitalen på 100 000 kroner. Føresetnader for vidare drift er såleis til stades. Aktiviteten vil halda fram i 2020. Vi held fram samarbeidet med Lions Club, 2020 er år tre av ein femårsavtale. Omfanget av arbeidet i stiftinga vil bli tilpassa inntektene.

Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende osv. Vi brukar facebook-sida vår for å spreie kunnskap om arbeidet vårt, og både om og til støttespelarane.

Rekneskapen er ein aktivitetsrekneskap, dvs gåver vert inntektsførte når dei er motteken, så langt dei ikkje er bundne opp til særskilte tiltak, eller er gitt med atterhald om bruk i tildelingsperioden.

I alt 121 477 kroner er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, her også irekna innbetalt skattetrekk til styresmaktene. Stiftinga sine administrasjonskostnader, 21 778 kroner, kjem frå bankgebyr og offentlege gebyr, i tillegg til dagleg leiar sine reisekostnader til Malawi. Det er gitt særskilde gåver til stiftinga til dekning av reisekostnadene (inntektsført som gåver). Finanskostnader på i alt 15 734 kroner er knytt til valutatap ved overføring frå Noreg til Malawi.

Stiftinga er frå og med 2013 registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret. Følgjande nøkkeltal for drifta er utarbeidd:

Nøkkeltal

Innsamlingsprosent: 100 %
(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling.)

Administrasjonsprosent: 1 %
(Viser kor stor del av totalt tilgjengelege midlar som er brukt til administrasjon.)

Formålsprosent: 99 %
(Viser kor mykje av totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet.)

Stiftinga har ingen tilsette i Noreg, og tre tilsette i Malawi (tre menn). Stiftinga har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljøet.

Oslo, 4. mars 2020



Kari Bjørke

styreleiar



Arnstein Bjørke

styremedlem



Ola Grønn-Hagen

dagleg leiar